



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 dep
0030 Oslo

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
juli 2009
200904332-2/740/THAG

Dykkar ref.: Bergen, 03.

Høyring - forslag til endringar i friluftslova

Vi viser til brev dagsett 15.05.09 om offentleg høyring av forslag til mindre endringar i friluftslova.

Bakgrunn

Miljøverndepartementet har lagt fram eit høyringsnotat med forslag om mindre endringar i friluftslova (lov av 28.6.57). Mindre endringar i lova blir føreslått som følgje av oppgåveoverføring på friluftslivsområde frå fylkesmannen til fylkeskommunane (forvaltningsreformen). Med bakgrunn i Stortingsmeldinga om friluftsliv (St.meld.nr.39 Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet 2000/2001), vert det fremja lovendringsforslag med sikte på å styrke allemannsretten.

Utvikling av friluftslivspolitikken inneber regionalpolitiske utfordringar i høve til mellom anna areal, helse og kultur. Auka friluftslivsaktivitet er viktig i eit folkehelseperspektiv og i høve til turistnæringa. Sikring av allemannsretten er og viktig fordelingspolitikk. Det ligg eit stort uutnytta potensiale i å arbeide meir aktivt med stimulering og tilrettelegging for friluftsliv, jakt og fiske, og i større grad få til heilskapelege vurderingar og sikre ein samordna virkemiddelbruk innan friluftslivsfeltet og tilgrensande område.

Oppgåvene innan friluftsliv har preg av å vere utviklings- og stimuleringsoppgåver, og det er eit regionalpolitisk handlingsrom i løysing av oppgåvene. Regjeringa vil difor overføre dei fleste oppgåvene på friluftsområdet frå fylkesmannen til fylkeskommunane.

Forslag til endringar i friluftsløven

Føremålet med friluftsløva er å verne friluftslivet sitt naturgrunnlag og å sikre allmentas rett til ferdsle og opphald i naturen. Lova skal gjere det lettare å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet.

Lovendringa er primært ei oppfølging av Stortingsmelding om friluftsliv. Meldinga vektlegg å skape gode rammer for friluftslivet og poengterar at allemannsretten er viktig. Det blir vist til at den generelle samfunnsutviklinga med auka urbanisering og utbyggingspress aktualiserer endring i lova. I stadig større grad blir det sett opp ulovlege stengsler som hindrar utøving av friluftsliv, spesielt i strandområda.

For å fremje friluftslivet og styrke allemannsretten føreslår Miljøverndepartementet å gjere følgjande endringar i friluftsløva;

- Dagens forbod mot ferdsle i skogplantefelt skal opphevast.
- Allmenta skal kunne ri og sykle over vegstrekningar i innmark som leier til utmark.
- Allmenta sin haustingsrett blir føreslått heimla i friluftsløven i ny pgf 5.2.

- Dagens forbod mot å skape hinder for lovleg ferdsle ved stengsler, skilt eller på anna måte, blir utvida til også å omfatte hinder for lovleg opphald, bading og hausting.
- Då det har vist seg etter måten tidkrevjande for kommunane å få fjerna ulovlege stengsler, skal kommunen eller departementet kunne illegge tvangsmulkt til dette føremålet.
- Forbod mot å telte nærare enn 150 meter frå bebudd hus eller hytte blir oppheva.
- Bestemmelsane om rett til inngrepsløyve blir foreslått utvida, slik at kommunen sjølv får heimel til å gjennomføre enkelte tiltak for å lette ferdsle i utmark. I tillegg kan kommunen gje inngrepsløyve for slike tiltak til organisasjonar som har som føremål å fremje reise- og friluftsliv.
- Departementet tar vidare sikte på å utarbeide forskrift med heimel i pgf 23 i friluftslova for å utdjupe varsomhetsreglane for praktisering av lova.

Vidare blir det foreslått eit nytt pkt i pgf 22 der fylkeskommunen blir tillagt oppgåver innanfor friluftsområdet. Frå denne paragrafen kan siterast:

”Kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen skal arbeide for å fremme friluftsliv innan sitt virkeområde. Fylkeskommunen skal etter nærmere retningslinjer fra departementet medvirke i saksbehandling i saker som behandles av statlige organ. Departementet kan tillegge fylkeskommunen ansvaret for nærmere bestemte oppgaver for å fremme og tilrettelegge for friluftslivet”.

Bestemmelsen her er særleg aktuell i samband med sikringsaker eller bandlegging av areal til friluftsliv. Fylkeskommunen skal no få ansvar for å førebu sikringsaker for staten der sakene blir sluthandsama av Direktoratet for naturforvaltning.

I dag stettar staten friluftslivsarbeidet med ressursar mellom anna til interkommunale friluftslivråd. Hordaland fylkeskommune merker seg at; ”staten også vil kunne støtte opp under fylkeskommunen sitt arbeide i samband med konkrete regionale innsatsbehov”.

Vurdering

I det vidare vert endringar som er særleg interessant kommentert.

Forvaltningsreforma

Hordaland fylkeskommune ser på overføring av oppgåver frå fylkesmann til fylkeskommune som eit viktig regional politisk tiltak. Sett i samanheng med vår innsats innan planarbeid, folkehelse, reiseliv og idrett ligg her spanande regionale utfordringar og utviklingsmoglegheiter.

Fjerne 150 meters regelen ved telting i utmark

I dag er det ikkje lov å raste eller telte på innmark uten samtykke frå eier eller brukar. Dette skal fortsatt gjelde. Når det gjeld utmark, er det forbode med telting nærare enn 150 m frå bustader. Det blir no foreslått å oppheve dette forbodet, føresett at teltet ikkje blir plassert så nær hus og hytte at det forstyrr freden til bebuane. Grunngeving for lempninga er at auka bustad -og hyttebygging mange stader har ført til reduserte moglegheiter til telting i utmark. Samtidig er det føruksatt i loven at det skal utvisast omsyn og varsemd.

Hordaland fylkeskommune vil peike på at lempeligare høve for telting kan bli mindre føreseieleg for fastbuande og hytteeigar. I lova er det føruksatt at det skal utvisast omsyn og varsemd. Dette bør utdjupe nærare.

Utvida moglegheit til å forhindre ”sjikanøse stengsler”

Grunneigar eller brukar har i utgangspunktet ikkje lov til å nytte stengsler eller sette opp skilt eller på anna måte vanskeliggjere lovleg ferdsle. Dette med mindre det; ”tjener berettigede interesser og ikke er til utilbørlig fortrenghet for ferdselen”. Det blir føruksatt at dette blir utvida til også å gjelde for lovleg opphald, bading eller allment haustingsrett. Det blir og foreslått at det blir gitt moglegheit til å illegge tvangsmulkt dersom ulovlege stengsler ikkje blir fjerna.

Hordaland fylkeskommune vektlegg at det ved praktisering av bestemmelsen blir foretatt ei konkret interesseavveging mellom grunneigarar "berettigede interesser og omsynet til allmen ferdsel".

Inngrepsløyve for kommuner og friluftslag/råd

Rett til inngrepsløyve blir utvida slik at også kommunen kan gjennomføre enkle tiltak for å lette ferdsle i utmark dersom det ikkje blir oppnådd avtale med grunneigarar for å merke og rydde turstiar, anlegge kloppar eller gangbro mv. Departementet kan gje slikt inngrepsløyve til friluftsråd /organisasjonar for å dekke samanhengjande ruter på tvers av kommuegrenser.

Dette omfattar enkle inngrep. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at dette vil kunne sikre friluftsliv og naturbasert reiseliv. Enkel tilrettelegging som til dømes merking av eksisterande ferdselsårer på tvers av kommunegrenser, vil bli tatt vare på. Rettane bør bli nærare presisert i lov/forskrift. Det bør til dømes vere mogleg for kommunane å fastleggje eit fotturnett i kommunen, tilsvarande eit vegnett. Fotturnett bør kunne synleggjerast på kommuneplankartet. Prosedyrar for korleis ein kan opparbeide fotturnett fastsett i kommuneplan bør utgreiast nærare.

Varsemdsreglar

Departementet tar sikte på å utarbeide reglar om varsemd i ny forskrift. Forskrifta ser ut til å vere eit sentralt verktøy i praktisering av lova – ein "vær-varsom-plakat" (eller "appell om god folkeskikk").

Hordaland fylkeskommune ser på forskrifta som eit viktig supplement til lovendringane. Vi vil likevel åtvare mot ei for omfattande forskrift heimla i friluftsløva. Allemannretten sin styrke er at den har vakse fram gjennom sedvane og er forankra i gamle rettsprinsipp før den vart heimla i friluftsløva. Ei omfattande detaljregulering kan vera krevjande. Undersøkingar viser også at det er ei utfordring at folk er for varsame med å nytta rettane sine og at mange er usikre på kor langt rettane strekkjer seg.

Bruk av kyst og strandsone


Bruk av kyst og strandsone har gjennomgått store endringar sidan friluftsløva vart vedteken. Utbygging av bustader, naust og båthamner har ført til at langt større delar av strandsona har blitt privatisert. Frå tidlegare tider har strandsona vore å sjå på som eit fellesgode, nærast som ein allmenning. Det hadde vore ønskjeleg om dette var slått klårare fast i friluftsløva. Allmen ferdsel som ilandstigning, ferdsel i naustområde etc. burde bli ennå meir avklara i lova. Vi vil rå til at forskrifta vektlegg kva ein kan gjere i strandsona og kva ferdselsrettane ein har.

Friluftsløva og plan- og bygningslova

Vi saknar ei betre kopling mellom friluftsløva og plan- og bygningslova. Dette gjeld til dømes for arealføremål, omsynssoner og føresegner. Det bør utviklast rettleiarar om korleis desse lovene kan verke saman og korleis friluftsliv bør kunne innarbeidast i kommunal planlegging.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune er samd i dei endringane som er foreslått for å iverksetja forvaltningsreforma og for å styrka allemannsretten. Vi saknar ei betre utgreiing om ferdslerettane i strandsona, samt ei betre kopling mellom friluftsløva og plan- og bygningslova. Det bør vurderast korleis ein på bakgrunn av kommuneplanar i større grad kan leggja til rette for samanhengande turveggar.

for 
Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Kopi:
Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar: Torild Hage, Strategi- og næringsavdelinga, Seksjon for kommunesamarbeid